2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning og at plan- og bygningslova vert nytta som eit sentralt instrumentet for samordna vassplanlegging.
3. Fylkestinget føreset i samband med plangodkjenning at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorars/departement sin eigen oppfølging av planen.
4. Fylkestinget føreset at alle styresmakter det vedkjem nyttar planen som grunnlag for gjennomføring av tiltak, budsjettering og enkeltvedtak.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årleg budsjett.

PS 328/15 Fråsegn til justerte planar for Statkrafts søknad om utbygging av Pyttafloene. Kort høyring.

Forslag til vedtak

Justerte planar for utbygging av Pyttafloene i Kvinnherad kommune er for Vatn 1062 i stor grad i samsvar med vedtak fatta i fylkesutvalet 30.10.14 i PS 239/2014. For Vatn 1112 og Såfossen er konsekvensane for landskap og friluftsliv framleis så negative at Hordaland fylkeskommune rår frå utbygging.

Hordaland fylkeskommune opprettheld difor vedtaket i fylkesutvalet 30.10.14.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Silja Ekeland Bjørkly sette fram slik forslag:

"Hordaland fylkeskommune tilrår utbygging av Vatn 1062 og Vatn 1112, Pyttafloene i Kvinnherad kommune."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (H, Frp, Sp) for Bjørkly sitt forslag.

Vedtak

Justerte planar for utbygging av Pyttafloene i Kvinnherad kommune er for Vatn 1062 i stor grad i samsvar med vedtak fatta i fylkesutvalet 30.10.2014 i PS 239/2014. For Vatn 1112 og Såfossen er konsekvensane for landskap og friluftsliv framleis så negative at Hordaland fylkeskommune rår frå utbygging.

Hordaland fylkeskommune opprettheld difor vedtaket i fylkesutvalet 30.10.2014.

PS 329/15 Politisk deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande representantar til å representere Hordaland fylkeskommune i dei 5 tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen:

Culture and tourism: _____
Economic development: _____
Transport: _____
Energy and climate change: _____
Marine resources: _____

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Sveinung Valle gjorde slikt framlegg om representantar:

Economic development: Sveinung Valle, A
Transport: Nils T. Bjørke, Sp
Energy and climate change: Daniel Charles Hextall, SV

Tom-Christer Nilsen gjorde slikt framlegg:

Marine resources: Mona Røsvik Strømme, H

Terje Søviknes gjorde slikt framlegg:

Culture and tourism: Silje Hjemdal, Frp

Røysting

Forslaga frå Valle, Nilsen og Søviknes vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande representantar til å representere Hordaland fylkeskommune i dei 5 tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen:

Culture and tourism: Silje Hjemdal, Frp
Economic development: Sveinung Valle, A
Transport: Nils T. Bjørke, Sp
Energy and climate change: Daniel Charles Hextall, SV
Marine resources: Mona Røsvik Strømme, H

PS 330/15 Fråsegn - Reguleringsplanar for Sotrasambandet - Bergen og Fjell kommune

Forslag til innstilling

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasambandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkrysset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som rå.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at innfartsparkering på Kolltveit vert innarbeid som ein del av reguleringsplanen i Fjell kommune.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
 - a. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - b. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner
 - c. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Marthe Hammer sette fram forslag til endra innstilling

Nytt forslag 1: Et Sotrasamband som foreslått i reguleringsplanen vil innebære at vegkapasiteten i området blir tredobla, etter at ny firefeltsveg er bygt og dagens to-feltsbru er ferdig rehabilitert. Reguleringsplanen innebær eit grovt brot på lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Både Klimaforliket og Nasjonal Transportplan slår fast at all vekst i persontransport skal skje ved at folk går, sykklar eller reiser kollektivt. Det er nødvendig med ein kraftig reduksjon av personbiltrafikken i Bergen innan 2030. Med sin massive satsing på auka bilkapasitet, undergrev reguleringsforslaget overordna mål, og fire av dei seks hovedmåla som den skal oppfylle. Planforslaget er eit klart brot med Klimaforliket og Nasjonal Transportplan 2014.

2. Tillegg punkt 2: Etter 2. Setning: Dette betyr gjennomgåande kollektivtrasè.

Tillegg punkt 2: Planen må også dimensjonerast for ei framtidig bybane til Straume. Mellom Sotra og fastlandet skal det til saman fortsatt berre vera to felt for bilar, som i dag.

Nytt punkt 6. Reguleringsplanen må inkludere separate og adskilte gang- og sykkelveg på heile strekningen.

Natalia Golis sette på vegne av MGD og V fram forslag til ny innstilling pkt. 2.

2. Fylkesutvalet meiner det er avgjerande at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer den nasjonale målsetjinga om at framtidig

trafikkvekst skal skje med kollektivtransport, sykkel og gang jmf. vedtatt Klimaplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert **prioritert på gjennomgåande kollektivtrasé i frå kollektivknutepunkt og inn til sentrum** frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.

Jon Askeland sette på vegne av SP, H, A, KRF, FRP fram forslag om endra pkt. 2 og 4.

Pkt. 2 siste setning.

I tillegg bør det vera kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume/Bildøy.

Nytt pkt. 4.

Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkeringar der kommunen sjølv ser det høveleg.

Røysting

Marthe Hammer sitt forslag fekk 1 røyst og fall

Natalia Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, V) og fall.

Jon Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3 og 5 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasambandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vera kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume/Bildøy.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkryset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som råd.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkeringar der kommunen sjølv ser det høveleg.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
 - a. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - b. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - c. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag til vedtak til nytt pkt. 2:

«Fylkesutvalt meiner at det er avgjerande at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer den nasjonale målsetjinga om at framtidig trafikkvekst skal skje med kollektivtransport, sykkel og gangveg, jf. vedtatt Klimaplan for

Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på gjennomgåande kollektivtrasè frå kollektivknutepunkt og inn til sentrum frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.»

Kjell Gitton Håland (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf, V, H, og Frp:

«Pkt. : Siste setning endra til: I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy.

Nytt pkt. 4: Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeider innfartsparkering der kommunen sjølv ser det høveleg.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag til pkt. 2 vart vedteke med 12 røyster mot Andersland sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.3 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag til nytt pkt. 4 vart vedteke med 12 røyster mot fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 som fekk ei røyst (V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.5 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasambandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkrysset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som rår.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeider innfartsparkering der kommunen sjølv ser det høveleg.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
 - d. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - e. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner
 - f. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, A, og Sp fram slikt forslag (a):

"Alternativ til punkt 2:

Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Fylkesutvalet føreset ein offensiv kollektivprioritering, og legg til grunn at gjennomgåande kollektivtrasé vert prioritert på strekninga Straume - Storavatnet frå første dag. Fylkesutvalet tilrår at det vert utarbeidd

føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy.

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, A, og Sp fram slikt forslag (b):

Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet føreset at skinnegåande transport på Sotrasambandet vert vurdert i pågåande reguleringsarbeid. Fylkesutvalet føreset at framdrift av reguleringsplanarbeidet ikkje vert til hinder for finansiering av Sotrasambandet i første halvdel av NTP."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag (a):

"Fylkesutvalet føreset at Sotrasambandet skal vera dimensjonert for Bybane."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag (b):

"Mellom Sotra og fastlandet skal det til saman berre vera to felt for bilar som i dag."

Røysting

Innstillinga punkt 1, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Kårbø sitt forslag (a) vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Oen sitt forslag (a) fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Oen sitt forslag (b) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag (b) vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp, V).

Vedtak

1. Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasambandet er svært viktig for å leggje til rette for betre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforslaga er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.
2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert, og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Fylkesutvalet føreset ein offensiv kollektivprioritering, og legg til grunn at gjennomgåande kollektivtrasé vert prioritert på strekninga Straume - Storavatnet frå første dag. Fylkesutvalet tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy.
3. Fylkesutvalet føreset at skinnegåande transport på Sotrasambandet vert vurdert i pågåande reguleringsarbeid. Fylkesutvalet føreset at framdrift av reguleringsplanarbeidet ikkje vert til hinder for finansiering av Sotrasambandet i første halvdel av NTP.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkryssset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som råd.
5. Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeider innfartsparkering der kommunen sjølv ser det høveleg.
6. Hordaland fylkeskommune ber om at:
 - a. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - b. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - c. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin

arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.

PS 331/15 Trafikkplan for kollektivtrafikken i Sunnhordland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt i Trafikkplan for Sunnhordland om forbetringar i kollektivtilbodet i Sunnhordland. Trafikkplanen gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt anbod i området.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Kjetil Hestad sette fram forslag om utsetja saka slik at Skyss kan ta ein ny runde med kommunane i regionen for å drøfta innspela til trafikkplanen. For ikkje å tapa tid i forhold til utsending av konkurransegrunnlaget kan saka gå direkte til fylkesutvalet i desember.

Røysting

Forslaget frå Kjetil Hestad vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett slik at Skyss kan ta ein ny runde med kommunane i regionen for å drøfta innspela til trafikkplanen. For ikkje å tapa tid i forhold til utsending av konkurransegrunnlaget kan saka gå direkte til fylkesutvalet i desember.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Saka var utsett i utval for miljø og samferdsel, og vart difor ikkje behandla.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Anne Beth Njærheim sette fram slik forslag:

"Tillegg:

Fylkesutvalet legg til grunn at det i region Sunnhordland er gode interne korrespondansar, samt korrespondansar mellom lokalt rutetilbod og ekspressruter som snøggåten og Kystbussen."

Røysting

Fylkesordføraren la fylkesrådmannen sitt forslag til grunn for røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt i Trafikkplan for Sunnhordland om forbetringar i kollektivtilbodet i Sunnhordland. Trafikkplanen gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt anbod i området.

Fylkesutvalet legg til grunn at det i region Sunnhordland er gode interne korrespondansar, samt korrespondansar mellom lokalt rutetilbod og ekspressruter som snøggåten og Kystbussen.

PS 332/15 Reklamefinansiert kollektivtransport - status og gjennomgang

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, KrF, Sp og MDG fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag (I):

"Delvis reklamefinansiering av kollektivsektoren er ein av fleire strategiar for å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland. Dette byggjer også opp om målsettinga i Klimaplanen for Hordaland.

Prosjektet vil gje ei forventa inntekt på 20-37 mill. kr pr. år, tilsvarande 140-260 mill. kr i avtaleperioden på 7 år. Dette gjev t.d. potensiale for 200-370 nye bussavgangar dagleg i Bergen pr. år.

Hordaland fylkesting vedtek difor;

- a) Å stå ved inngått avtale med JCDecaux knytt til Fase 1 av prosjektet vedk. avgrensa reklame på buss og Bybanen.
- b) Arbeida vidare med Fase 2 vedk. reklame på leskur og byromsmøblar."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag (II):

"Saka vert lagt fram for fylkestinget for endeleg avgjerd."

Røysting

Søviknes sitt forslag (II) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Søviknes sitt forslag (I) fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Oen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (H, Frp, V).

Vedtak

Saka vert lagt fram for fylkestinget for endeleg avgjerd.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar.

PS 333/15 Gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - politisk arbeidsgruppe

Forslag til vedtak

Til å gjennomgå og vurdera endringar i "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" oppnemner fylkesutvalet:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Tom- Christer Nilsen gjorde framlegg om gruppeleiarane i fylkestinget som medlemmer i den politiske arbeidsgruppa og gruppenestleiarane som varamedlemer:

	Medlemer	Varamedlemer
A	Sveinung Valle	Kari Bernardini
Frp	Terje Søviknes	Silje Hjemdal
H	Tom-Christer Nilsen	Mona Røsvik Strømme
KrF	Pål Kårbø	Beate Husa
MDG	Tom Sverre Tomren	Natalie Golis
Rødt	Terje Kollbotn	Solbjørg Marjala
Sp	Benthe Bondhus	Nils T. Bjørke

SV Aud Karin Oen Marthe Hammer
V Anne Beth Njærheim Geir Kjell Andersland

Røysting

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Til å gjennomgå og vurdera endringar i "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" oppnemner fylkesutvalet gruppeleiarane i fylkestinget som medlemer og gruppenestleiarane som varamedlemer.

	Medlemer	Varamedlemer
A	Sveinung Valle	Kari Bernardini
Frp	Terje Søviknes	Silje Hjemdal
H	Tom-Christer Nilsen	Mona Røsvik Strømme
KrF	Pål Kårbø	Beate Husa
MDG	Tom Sverre Tomren	Natalie Golis
Rødt	Terje Kollbotn	Solbjørg Marjala
Sp	Benthe Bondhus	Nils T. Bjørke
SV	Aud Karin Oen	Marthe Hammer
V	Anne Beth Njærheim	Geir Kjell Andersland

PS 334/15 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

YMSE

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 323-330/15, 321-322/15, 331-333/15.

Fylkesordføraren gjorde merksam på at programmet for desembertinget vil verte noko endra, m.a. med presentasjon for fylkestinget og Bergen kommune av Jernbaneverket si innstilling om godshamn.

INNSENDE SPØRSMÅL

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

"4. og 5. skuleår.

Spørsmålet er knytt til kven som får gje uttale når det skal vurderast om eleven skal få eit fjerde og femte skuleår. Slik eg har får opplyst har lærarar før fått uttalt seg, men at det no er berre ot/ppt som får gje uttale. Er det ei endring i rutinar her? og i så fall kvifor?

Samstundes ønskjer eg oversikt over kor mange som søkte og kor mange som ikkje fekk innvilga?"

Svaret vart ikkje gjeve i møtet, men vart sendt på e-post til Oen etter møtet:

"Opplæringslova stiller to vilkår for at ein elev skal kunna få rett til utvida tid, og begge vilkåra må vere oppfylte:

1. Rett til spesialundervisning

For det første må eleven ha rett til spesialundervisning. Det betyr at eleven må ha eit enkeltvedtak om spesialundervisning etter oppl.lova § 5-1 i vidaregåande opplæring, og eleven må vere utreda av den fylkeskommunale PP-tenesta etter reglane i opplæringslova.

2. Eleven må ha eit behov

For det andre må eleven ha behov for utvida tid for å kunne nå opplæringsmåla. Før det vert fatta eit vedtak om utvida tid, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering frå PP-tenesta. I denne

sakkunnige vurderinga skal OT/PPT vurdere og ta stilling til om eleven treng meir tid i vidaregåande opplæring for å nå opplæringsmåla. Det er ein føresetnad at eleven både treng og har utbytte av meir opplæring for å kunne nå opplæringsmåla. Behovet må derfor vurderast i forhold til dei opplæringsmåla som er sett for den enkelte i IOP (Individuell opplæringsplan). Eleven sin IOP skal vise måla for og innhaldet i opplæringa, og korleis opplæringa skal gjennomførast. Elevar med spesialundervisning skal ha ei skriftleg årleg oversikt (årsrapport) over opplæringa som ho/han har fått, og ei vurdering av eiga utvikling.

Om forskrift til opplæringslova og HFK sine rutinar

Frå 1. august 2013 er opplæringslova endra, og den tidlegare halvårsrapporten er erstatta med årsvurdering. Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har i rutinane for utvida tid sett krav om at skulen skriv ei halvårsvurdering i samband med søknad om utvida tid. Der gjer skulen ei vurdering i kva grad eleven har nådd måla i IOP. Dette er ein praksis som er likeeins i dei andre fire fylka vi samarbeider med (sørvest-samarbeidet).

I samband med handsaming av klagesak våren 2015 peika Fylkesmannen på at det er OT/PPT som tilrår og opplæringsavdelinga som har vedtaksmynde i saker om utvida tid. Skulane skal derfor ikkje tilrå i saker om utvida tid, men dei skal vurdere om måla i IOP er nådd eller ikkje. På bakgrunn av dette har vi endra rutinane for utvida tid frå 24.06.2015.

I skuleåret 2014/15 var det totalt 101 elevar som søkte om utvida tid. 16 av søkjarane fekk avslag på søknaden. 6 av desse klaga på vedtaka, og sakene vart sendt til Fylkesmannen for handsaming. Av dei 6 som klaga, fekk 3 medhald. Det var 7 elevar som fekk avslag på søknaden om eit 4. år og 6 som fekk avslag på eit 5. år i vidaregåande opplæring."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (b):

"Ferje Ullensvang

1. Det har oppstått noko uvisse kring det positive vedtaket i fylkesutvalet i sak 274/15 om ferjetilbodet på Kinsarvik-Utne-Kvanndal.

Før 1. oktober 2015 trafikkerte ferje 2 - for tida "Jondal" - sambandet Kinsarvik - Utne - Kvanndal.

Frekvensen vart størst mellom Utne og Kinsarvik - internsambandet i Ullensvang.

Ferje 2 utgjorde "trekantsambandet" - dvs. tre ferjekaiar - Kinsarvik - Utne- Kvanndal tur/retur. (Det er ikkje direkteferje Kinsavik-Kvanndal.)

I fylkestinget i juni vart det teke vekk 1,7 millionar frå dette trekantsambandet - noko som medførte til at ferje 2 kun trafikkerer Utne-Kinsarvik med lågare frekvens.

Når 1,7 millionar no er lagt innatt, forstår brukarane av trekantsambandet - Kinsarvik - Utne - Kvanndal - det slik at det er ruteoppsettet frå før 1. oktober 2015 som er på plass att.

Er dette rett forståing av vedtaket i sak 274/15

2. Når vil vedtaket i fylkesutvalet/ fylkestinget tidlegast verte iverksett?
3. Revidering rutetabell trekantsambandet Kinsarvik - Utne – Kvanndal

Før rutetabellen vert sett opp - er det mogeleg å gjennomføra ei høyring for såleis kunna fanga opp brukarane sine lokale behov til frekvens?"

Svaret vart ikkje gjeve i møtet, men vart sendt på e-post til Oen etter møtet:

"Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 144/2015 om at Kvanndal - Utne - Kinsarvik frå hausten 2015 skulle utgjere to einskilde samband, Kvanndal - Utne og Utne - Kinsarvik, samt at sambanda skulle få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag. Til grunn for vedtaket låg og innsetting av ny ferje, M/F Utne, på sambandet Kvanndal - Utne. Ny ferje gjorde det mogleg å flytte M/F Hardingen til sambandet Skjersholmane - Ranavik som ferje 1. I tillegg fekk sambandet Skjersholmane - Ranavik styrkt reserveferjeløysingar ved å få vesentleg redusert responstid til

«innan 12 timar» for både ferje 1 og ferje 2. Endringane i rutetilbodet Kvanndal - Utne - Kinsarvik, ny ferje, flytting av ferje samt forbetring av reserveferjeløysingar ved avvik gav fylkeskommunen samla sett ei årleg innsparing på om lag 1,7 MNOK (2014 kr).

1,7 MNOK lagt inn att i budsjettet er ikkje tilstrekkeleg for å få tilbodet frå før 1. oktober attende. Dette grunna at løysinga som vart gjennomført 1. oktober og omfatta fornying og endringar i ferjeflåten samt forbetring av reserveferjeløysing. Dette er tiltak som isolert sett ville gitt auke i kostnadane. 1,7 MNOK vil med vidareføring av Kvanndal - Utne - Kinsarvik som to einskilde samband gje rom for 8 ekstra rundturar Utne - Kinsarvik kvar veke. Dette så fram at nye rundturar ikkje krev ny skiftordning. Nye rundturar kan vere avgang Kinsarvik kl.18.40 og avgang Utne kl.19.15 alle kvardagar, samt ein ekstra rundtur på dagtid på tysdag, torsdag og fredag. Ei slik endring i rutene kan sannsynlegvis verte sett i verk frå 1. februar 2016.

Større endringar enn dei som er foreslått over vil krevje dialog med operatøren Norled for klargjering av kostnader og konsekvensar. Det er av denne grunn vanskeleg å setje tidspunkt på når endringane eventuelt kan skje frå. Å få tilbodet frå før 1. oktober attende med trekantsamband Kvanndal - Utne - Kinsarvik vil og kunne involvere endringar på andre samband.

Fylkesrådmannen har i tidlegare dialog med brukarar og Ullensvang herad fått innspel knytt til frekvens og opningstid på sambanda Kinsarvik - Utne og Kvanndal - Utne. Sist dialog var då Skyss var til stades i Hardangerrådet i september for å få innspel frå kommunane til justeringar og omprioriteringar i ferjetilbodet i kommande anbod. Fylkesrådmannen kan ta ytterlegare kontakt, men vil peike på at 40-50 % av totalkostnaden til ferjedrift er mannskap, og at endringar i frekvens og opningstid som påverkar tal skift for mannskapet vil gje auka kostnader."

OPEN TIME

Silje Hjemdal viste til at prosjektet PS 23/15 "8-13 samarbeid i Arna" som vart vedteke av fylkestinget i mars 2015 ikkje er inkludert i Bergen kommune sitt utkast til skulebruksplan. Ho spurde kva for kommunikasjon om prosessen det har vore mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, og kva for konsekvensar det vil gje dersom prosjektet ikkje vert gjennomført. Fylkesrådmannen vil leggje fram skriftleg svar.

Silje Hjemdal var nøgd med at "superbussen" er tilbake på vegen, og spurde om kva fordelar bussen har fått, når prosjektet skal evaluerast og om bussen kan vere aktuell for andre strekningar. Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at bussen m.a. er oppgradert til å takle vinterføre. Bussen er godkjend for linje 9 og linje 2. Førebels går den på linje 9. Prosjektet vil verte vurdert i løpet av 2016.